

bt.no/meninger: Her finner du lederartikler, kronikker, kommentarer og leserdebatt.

Krokeide vidaregåande skule sit på ein formel for å få dei som har falle utanfor jobb og skule attende i samfunnet.

Bill. mrk: Trygg



kommentar

hilde.sandvik@bt.no

Hilde Sandvik er samfunnsredaktør i BT

UTDANNINGSMINISTER Kristin Halvorsen (SV) står bøygde over tre elev-ar på elektrolinja ved Krokeide vidaregåande skule tysdag denne veka. Halvorsen spør om det gjer vondt å få støyt frå straumdiodar. Elevane vil heller snakke om skulen. Ei av jentene tidleg i tjuetåra ser opp på henne. «Eg trudde aldri noko så fint som dette kunne skje med mitt liv. Det er så stort».

Jenta er ei av dei 145 elevane ved skulen i Fana, eit utdannings-tilbod for vaksne som av ein eller annan grunn har falle ut av yrkeslivet. Snittalderen på skulen er 34 år, men den yngste gruppa – dei over 19 – veks i augneblinken. Tre av fire som går på skulen kjem seg vidare i jobb eller arbeid. Samanliknar ein med den offentlege skulen, er talet skyhøgt. Storparten av elevane har gått inn og ut av Nav-systemet, gjerne i årevis utan å kome nokon veg. Når ein i tillegg veit kva det kostar samfunnet med eitt menneske som fell utanfor, er det ekstra stor grunn for det offentlege til å lytte.

REKTOR RUNE DOLVIK meiner han sit med kunnskap og erfaringar det offentlege bør ta del i. Stikkordet er heilskapleg tenking. Dolvik har jobba i offentleg skule, og har sett tverrfaglege team i aksjon, men saknar merksemd om kvaliteten i arbeidet. Ein hyrer inn assistent til ekstra norskundervisning – og kryssar av på eit skjema. Det same ser han igjen i Nav, ein tilbyr kurs og meiner jobben er gjort.

Krokeide tilbyr eitt år førebudande studie før elevane byrjar på VG1. For nokre handlar det om å styrkje grunnleggjande kunnskapar, for andre om å få helsa på plass og innarbeide gode rutinar. Mange av elevane har ikkje greidd anna enn å hente inn posten. No skal dei stå opp og gå på skule kvar dag. I løpet av det første året er det mykje som skal ryddast ut av hovudet for å få plass til læring. Så mykje som halvparten av elevane har psykiske problem.

Den neste store gruppa slit med muskel- og skjelettplager, nokre har rusproblem. På skulen får alle ein attføringskonsulent som ryddar plass i livet. Skulen har også eige helsepersonell og spesialpe-



STYRKE: Når du er ferdig utdanna frå Krokeide, skal du ikkje berre stå med fagbrev, men også med helse til å stå i vanleg arbeid. Tysdag vitja utdanningsminister Kristin Halvorsen skulen. FOTO: KYRRE LIEN

fakta

Krokeide VG

- Driven av Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL) i Fana.
- Tilbyr yrkesretta attføring for vaksne. Har studietilbod innan service og samferdsel, elektrofag og IKT-servicefag.
- Ein kombinasjon av yrkesretta opplæring og eit internt fysikalsk, medisinsk og attføringsfagleg støtteapparat, gjer skulen unik.
- Har 84 internatplassar og 145 elev-ar, noko som gjer skulen til Noregs største innan attføring.

dagogar. Og dei samarbeidar nært med universitetet og Bergensklinikken. At skulen har internat, styrker konsentrasjonen. Og det er langt til byen.

I FØLGJET SAMAN med Kristin Halvorsen går opplæringsdirektøren i fylket, Svein Erik Fjeld. Assisterande fylkesdirektør i Nav Hordaland, Tommy Johansen, har også tatt turen. Dei står i bakgrunnen medan Kristin Halvorsen får servert historier. Om mannen som i vaksen alder fekk diagnosen ADHD, men først då han kom til Krokeide blei det oppdaga at han hadde dysleksi. «Lærarane kalla meg gal då eg gjekk på skulen, seier han. «Sjefen sendte meg», fortel ein ung gut frå Finnmark i eit klasserom.

Igjen i alle historiene går ein kritikk av det offentlege: Nav viste ingenting. Den offentlege skulen kunne aldri ha fått til dette. Skulen oppdaga ikkje lærevanskane.

ORDET TRYGT er eit anna ord som går igjen. Seinare, då vi sit saman med ti elev-ar ved skulen, skal dei gjenta ordet fleire gonger. For mange av dei som tek motet til seg å søkje på Krokeide, er livet nettopp utrygt: Dei har blitt sjuke, får ikkje jobb, greier seg ikkje gjennom skulen. Eller dei har tatt feil val, ikkje berre ein gong, men gang på gang. Kva gjer samfunnet då?

«Jo meir kjensla fekk vekse av å ha valt feil, jo mindre dukka eg opp på skulen. Til slutt hamnar ein nedst på rangstigen», fortel 26 år gamle Wenche M. Aarvold. Ho slutta halvvegs ut i andre klasse på vidaregåande, hamna i trygdesystemet og blei sitjande heime før ho heilt tilfeldig fekk vite om skulen.

SUKSESSHISTORIE? Det ser slik ut. På skulen ligg karaktersnittet over fire. Det er godt over gjennomsnittet. Og her går mange av dei som hadde gitt opp, og som samfunnet hadde parkert. Eit stikkord er fleksibilitet. Skulen

sleit til dømes med å få Utdanningsdirektoratet til å gå med på at elevane treng seks timar kroppsøving i veka, til dømes. No har rektor fått grønt lys for å lage lokale læreplanar i kroppsøving. Elevane skal alle fram til same eksamen. Dei skal gå same veg, men nokre må gå litt lenger, og treng ekstra rettleiing undervegs. Og det legg skulen til rette for. Når du er ferdig utdanna frå Krokeide, skal du ikkje berre stå med fagbrev, er filosofien, men også med helse til å stå i vanleg arbeid.

EI VAKSEN DAME sit i eit treningsapparat i trimrommet og grip fatt i Halvorsen då ho er på veg gjennom rommet: «Eg har tenkt lenge på kva eg ville fortelje til deg dersom du kom forbi. Eg vil seie dette: Eg var uføretrygda i ni år. I løpet av to månader på skulen har eg fått eit nytt liv.»

«Kvifor?» spør Halvorsen. «Fordi det er trygt. Det, skal eg seie deg, er godt for ei vaksen dame». Ho smiler: «Og no seier dei at eg er som ein attenåring igjen.»

Den offentlege skulen kunne aldri ha fått til dette

Man kan ikke late som om man bare kan observere en gudstjeneste



PRESSESJEF JENS BRUN-PEDERSEN (HUMAN-ETISK FORBUND), VÅRT LAND

Det å delta i politikk på nasjonalt nivå må dreie seg om å søke regjeringsmakt



NESTLEDER BÅRD VEGAR SOLHJELL (SV), AFTENPOSTEN

Det er et slags slektskap mellom SV og Høyre i den forstand at begge partier er individualistiske



CIVITA-LEDER KRISTIN CLEMET, KLASSEKAMPEN

DAGENS AVIS

FØRERKORTET VARER lenger enn jeg gjør, sa jeg med et skjevt smil da damen bak leiebilskranken forgyves lette etter utløpsdato på mitt norske sertifikat. I dagens avis reiser veivesenet på nytt kravet om å rydde trafikkfarlige gamle bort fra veiene. Bare unge menn mellom 18 og 20 er mer ulykkesutsatt enn menn over 75 år.

KARI PEDERSEN, UTGAVESJEF